

TYSNES

AREAL: 255 km²
FOLKETAL: 2773

PÅ BLÅ BOTN
TO KROSSLAGDE
ØKSAR UNDER
EIN SPARRE
I SØLV

Våpenet er godkjent av Tysnes kommunestyre 28.10.1971 og er teikna av Magnus Hardeland. Det er ikkje godkjent etter heraldiske reglar. Seglet til Onarheimsgildet er blitt segl for fylkeskommunen. Men fordi Onarheim ligg i Tysnes, så ville kommunen og ha eit motiv som var basert på seglet. Difor tok kommunen dei krosslagde øksene og sette dei under ein sparre. Sparren skal markera at det var Tysnes som hyste gildet.

Einaste endring av kommune og prestegjeldsgrensene for TYSNES skjedd i 1907, då gardane Stussvik og øvre og nedre Hammarhaug vart overførte til Ølve i Kvinnherad. Frå midten av 1600-talet var heile Tysnesøya eiga skipreide: Uggdal (Oppdal i mellomalderen). Før den tid høyrde gardane i Tysnes sokn til Våg skipreide, saman med Austevoll og Fitjar.

VÅGE – UGGDALSEIDET, TO SENTRA I TYSNES


Våge kan ha vore ein av gardane som gav namn til Våg skipreide (® 215).

Garden er omtala som tingstad i 1590. I skottetida, på 1600-talet, budde mange husmenn i Våge og på grannegardane.

Dette var likevel ikkje husmenn i seinare tyding av ordet, men strandsitjarar, folk som dreiv handverk, handel og fiske i ei økonomisk velstandstid. Tilsvarande var det kremmarleie og andre strandsitjarar på Eide, ved sjøen på søre delen av Uggdalseidet.

Som kommunesenter går Uggdalseidet attende til 1910, då tinghuset vart bygt på Myklestad. Her fekk samstundes sparebanken sitt lokale. Sidan kom det fleire andre offentlege bygg i dette området, der soknekyrkja hadde stått i alle høve frå kring 1500. Mellomalderkyrkja i Uggdal sokn stod truleg oppe i dalen, på Uggdalsvodlane. Tautrekkinga mellom Uggdalseidet og Våge om kvar kommunesenteret skulle liggja, var sterk, like fram til det nye heradshuset vart bygt 1973–74.

Uggdalseidet, som namn på kommunesenteret, er eit nykonstruert namn i vårt hundreår. □



⚔ TYSNES

Tysnes er av namnegranskaren og religionshistorikaren Magnus Olsen sett inn i ein førkristen kultsamanheng, der førsteleddet Tys viser til gudenamnet Ty. Det eldre namnet på Tysnesøya meiner han har vore Njardarlog, gno. Njarðarlog lovområdet der dei dyrka guden Njord. Ty og Njord var eit gudepar i den norrøne mytologien. Fleire stadnamn her tyder på heiden kult, som Ve av gno. vé «heilagdom», Vevatne, Helgastein, Godøyo. Det siste namnet inneheld gno. guð, goð «(heiden) gud». Hovland kan òg setjast inn i ein religiøs samanheng (Ⓓ22).

Til grunn for Onarheim ligg truleg gno. ón «landstykke, teig». Uggdal er lett å tolka når ein får opplyst eldre skriffformer som i Uppdale. Same opphav har forresten Uvdal i Numedal. Årbakke kjem av eit eldre årbakki «elvebakke». Dalland er samansett av dal og land, medan Færavåg helst inneheld ferd «reis, fiskestim». Flakka er avleidd av flat, anten om lendet eller om fjorden. Anuglo er eit alderdommeleg ord; av and «midt i mot, overfor» (som i andlet) og ei avleiing av same opphav som haug, jf. Huglo ved Stord.

NJARDARLOG OG ONARHEIMSGILDET

Njardarlog, det gamle namnet på Tysnes, er eit namn som går attende til førkristen tid. Det er ei samanstilling av gudenamnet Njord og -log, som tyder lovområde (Ⓓ34). Det geografiske området for Onarheimsgildet har vore større enn Njardarlog, i alle høve i mellomalderen. I gildet sine statuttar frå 1394 heiter det at ein gildebrotar som sit heime uten gyldig forfall utanfor Hardsjø (det gamle namnet på Krossfjorden), skal leggja bot. Dersom ein tolkar utanfor som nordanfor, tyder dette at gildeområdet omfatta meir enn Sunnhordland (medrekna Framnes-Os, og Samnanger-Strandvik og Strandebrann). At gildet hadde medlemmer frå heile fylket, kan namn som «Vössabolken» på Onarheimskyrkjegarden vera eit vitne om. I det gamle Hordafylket finn vi mange gilde i mellomalderen: St. Mikkelsgildet på Voss, som hadde tilhald i det staselege gildelofet på Finne; eit gilde i Kinsarvik som truleg har vore eit soknegilde, eit St. Nikolasgilde i Øystese og kanskje også eit gilde på Stord. Gilda hadde også ein samanheng med tingsamlingane i mellomalderen. Det tinget som vart halde på Onarheim, gangdagetinget, må ha dekt eit område som tilsvara det gamle Sunnhordland. Tinga vart haldne under open himmel. Først langt fram i tid vart det bygt egne tingstover.

Seglet til Onarheimsgildet slik vi finn det på eit kongehyllingsbrev frå 1344 (sjå s. 1).

